



Ruspolitisk handlingsplan

Eidfjord kommune 2017 - 2020

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein kommunal del- eller temaplan som har til hensikt å samordna kommunen sin rusmiddelpolitikk og satsing. Planen er eit fleirsektorielt reiskap der ulike interesser vert tydeliggjort.

Innhold

1. Innleiing	
1.1 Bakgrunn.....	2
1.2 Arbeid med planen.....	2
1.3 Lovgrunnlag.....	4
2. Uttaler og beskriving av rusmiddelsituasjonen i Eidfjord kommune.....	4
2.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg.....	5
2.2 Rusmiddelsituasjonen i Eidfjord.....	6
2.3 Ungdata.....	6
2.4 Statistikk, omsetjingstal og tal på skjenkebeviljingar.....	7
2.5 Uttalar.....	7
3. Ruspolitiske mål og strategiar.....	12
3.1 Nasjonale mål	12
3.2 Eidfjord kommune sine mål og strategiar.....	12
4. Førebyggjing.....	13
4.1 Handlingsplan.....	14
4.2 Ansvarlegging av foreldre og besteforeldre som gode rollemodellar	16
4.3 Kartlegging.....	16
4.4 Rus og arbeidsliv.....	16
5. Gjennomføring og rullering av ruspolitisk handlingsplan.....	16
5.1 Gjennomføring.....	16
5.2 Økonomi.....	17
5.3 Rullering	17
6. Alkoholpolitikk	17
6.1 Tildeling av sals- og skjenkløyve.....	20
6.2 Salsløyve.....	20
6.3 Skjenkeløyve.....	21
6.4 Produksjonsløyve for øl, vin og sider.....	22
6.5 Ambulerande, einskildløyve og «slutta lag».....	23
6.6 Kontroll og reaksjonar.....	23
7. Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelbrukarar.....	24
7.1 Behandlingstilbod.....	24
7.2 Tiltak – bustad.....	25
7.3 Regionale kompetansesenter for rusmiddel spørsmål.....	25
8. Vedtak	26

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Etter alkohollova §1 – 7d er kommunane lovpålagd å utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan. I dei fleste tilfelle er det naturleg å sjå alkohol- og ruspolitikken i samanheng og det vert anbefalt at kommunane utarbeidar ein heilskapleg ruspolitisk handlingsplan der den alkoholpolitiske planen inngår.

Forskinga har synt at kommunen sin bevillings- og kontrollmynde er blant dei mest effektive verkemidla me har for å redusera alkoholforbruk og alkoholrelaterte skadar. Alkohollova vart revidert 1. juli 2005, og denne revisjonen gjev kommunane større fridom til å organisera sitt alkoholpolitiske arbeid ut frå ei vurdering av lokale forhold. Med dette kan kommunen sitt rusmiddelarbeid verta endå viktigare enn tidlegare for å nå lokale og nasjonale målsettingar (Sosial og helsedirektoratet, 2006).

1.2 Arbeid med planen

Eidfjord kommune sin førre plan vart vedteken i 2011. Våren 2016 vart det sett i gong arbeid med dei alkoholpolitiske retningslinene for Eidfjord kommune 2016-2020/skjenke- og salsløyve for perioden 2016-2020. Oppvekstgruppa var med på deler av dette arbeidet men ønska ei heilskapleg tenking rundt rus i ulike former og aldersgrupper, både førebygging og behandling. Dei alkoholpolitiske retningslinene vart vedtekne 21. juni 2016, samstundes vart det gjort vedtak om å starte opp eit arbeid med ein ruspolitisk handlingsplan.

KST – 16/038 Vedtak

1. kommunestyre godkjenner alkoholpolitiske retningslinjer/forskrift for Eidfjord kommune 2016-2020 slik det går fram av saksføreljinga med endringar som fylgjer:

§3a) Skjenking for alkoholgruppe 1 og 2 mellom kl. 08:00-02:00 alle dagar

§3c) Slettast

§4c) Slettast

2. Kommunestyret godkjenner at alle gjeldande sals- og skjenkeløyver gjeld vidare fram til 30. september 2020. Vilkår for løyva vert endra i tråd med endringar i alkoholpolitiske retningslinjer/forskrifter for Eidfjord kommune slik det går fram av saksføreljinga.

Det vert sett som vilkår at alle formelle krav refr. «Alkohollova» vert fylgde.

3. Kommunestyret godkjenner at det vert sett i gang eit meir omfattande arbeid med alkohol- og ruspolitisk handlingsplan. Planen skal vera ferdig innan 31122016.

Som nemt ovanfor er rusproblem meir enn berre alkohol, og sjølv om alkohol er det mest kjende rusmiddelet i Eidfjord må ein ikkje vera blåøygd og tru at me ikkje har andre former for rusproblem i kommunen. Rusarbeidet må heller ikkje berre ha fokus på behandling, etter «skaden har skjedd». Førebyggjande arbeid er viktig innan alle rusområder. Arbeidet må også vera kriminalitetsførebyggjande og famna om alle aldersgrupper. Førebygging allereie blant småborn er eit viktig ledd i å skapa stødige vaksne som ikkje treng rusmiddel for å

fungera.

Eidfjord kommune har sett saman ei *Oppvekstgruppe med fokus på rus og kriminalitetsførebyggjande arbeid*. Dette er ei tverrfagleg gruppe med faste medlemmar frå NAV, skule, helse, kultur, politi og barnevern. Denne gruppa har faste møter 4 gonger i året og har blant anna som oppgåve å fylgje opp mykje av tiltaka i handlingsplanen (førebyggjande arbeid). Oppvekstgruppa har fokus på barn og unge så det er viktig at vaksne og eldre også vert fylgt opp, her vert det i stor grad sosial, helse og NAV som er involvert. Eidfjord kommune samarbeider med Skjenkekontrollen i Voss og Hardanger, Eidfjord kommune tildeler sjølv sals- og skjenkeløyver.

Ansvarlege for arbeid med planen:

- Kultursjef Lisbeth Bygstad Celik (ansvarleg)
- Kulturkoordinator og prosjektleiar Bergljot Maria Veivåg (har skrive planen, sekretær og koordinator for Oppvekstgruppa)
- Oppvekstgruppa: Helsesyster Anne Myklatun, psykiatrisk sjukepleiar Gro Elnan, sosiallærer Liv Kristoffersen, sosialkonsulent Laila Fenne, Hardanger Lennessmannsdistrikt v. Bodil Nakkerud og Hardanger barnevern v. Terje Solvi
- Brynjulf Mugaas (ansvarleg for sak om alkoholpolitiske retningsliner 2016-2020)

Framdriftsplan:

21.06.2016	Vedtak Kommunestyre Alkoholpolitiske retningsliner for Eidfjord kommune 2016-2020 / skjenke- og salsløyve for perioden 2016 – 2020. Herunder vedtak om at det skal setjast i gang meir omfattande arbeid med alkohol- og ruspolitisk handlingsplan.	Brynjulf Mugaas	
	Avklaring ansvar for ruspolitisk plan	Organisasjonssjef	
10.11.2016	Oppstartsmøte med Oppvekstgruppa	Kultur, oppvekstgruppa	
25.11.2016	Brev til skular, politi, barnevern, NAV, sals- og skjenkekontroll med fleire om uttale kring situasjonen i kommunen	Kultur	Uttalefrist 30.12.2016
26.01.2017	Arbeidsmøte med Oppvekstgruppa – sjølv handlingsplanen	Kultur, oppvekstgruppa	
Februar	Oppvekstgruppa går gjennom planen og kjem med endringar	Kultur, oppvekstgruppa	
	Saksutkast til rådmann	Kultur	
Mars	Formannskapet handsamar framlegg om ny ruspolitisk handlingsplan, planen vert lagt på høyring		Høyringsfrist 6 veker
	Sak med utkast til plan vert sendt til rådmann	Kultur	
April	Sak i kommunestyret		

1.3 Lovgrunnlag for planen

- Lov om omsetjing av alkoholholdig drikk (alkohollova) av 02. juni 1989 nr. 27
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften) av 01. januar 2006
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24. juni 2011
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m (helse- og omsorgstjenesteloven) av 24. juni 2011
- Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) av 17. juni 1992
- Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven) av 01. januar 2002
- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) av 01. januar 2010
- Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven) av 24. juni 2011 nr. 30

Det er gjennom alkohollova politiske myndigheter har høve til å uttøva direkte innflytelse på bruk av rusmidlar. Alkohollova sitt utgangspunkt er at all bruk av alkohol kan medføre skade for samfunn og individ. Lova skal bidra til å sikra at skadeverknadane av alkoholbruk vert så små som mogeleg – dels ved å avgrensa tilgjenge, dels ved at omsetningsforma er kontrollert.

§1-1 Lovens formål

«Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer»

Dei andre lovverka klargjer ulike forvaltingsnivå sitt faglege ansvar for førebyggjande arbeid, arbeid med personar i risiko for utvikling av rusproblem og rusavhengige personar både når det gjeld helsemessige og sosiale tiltak.

2. Uttaler og beskriving av rusmiddelsituasjonen i Eidfjord

Statistikk og brukarundersøkingar er viktige verktøy for å kartleggje og skape seg oversikt over situasjonen i eit samfunn. I dette kapittelet freistar me å gjere greie for rusmiddelsituasjonen i Noreg generellt og Eidfjord kommune spesielt. Ein slik status av situasjonen er naudsynt, og særskilt situasjonen lokalt er naudsynt for å sjå kvar ein må setje inn verkemildlar og kva verkemildlar ein må ta i bruk. Her må ein arbeida for å finna dei gode

felles førebyggjande tiltaka men likevel ikkje gløyme oppfølging av den enkelte. Dette er like viktig innan førebyggjing som innan behandling, rehabilitering og omsorgstiltak.

2.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg

Alkohol

Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS) rapporterar ein jamn auke av alkoholkonsumering i befolkinga. Tek ein utgangspunkt i den totale omsetjinga per innbyggjar, syner tal frå 3. kvartal i 2016 at det vart konsumert 4,4 liter alkohol per innbyggjar over 15 år. Dette er ei auke på 2% per person samanlikna med tala frå år 2015. Når det gjeld uregistrert alkoholkonsum vert utviklinga kjenneteikna av ein reduksjon av heimelaga sprit, medan grensehandelen har opplevd ei auke.

Problemet med ei slik tilnerming er at den ikkje framstiller skeivheita i konsumet i befolkinga. Kvantitative undersøkingar syner at om lag 90% av befolkinga nyttar alkohol som rusmiddel. Av desse står 10% for over halvparten av den totale omsetjinga. Dette kan difor vera ein indikator på at ein liten del av befolkinga har eit relativt stort inntak av alkohol.

Det norske drikkemønsteret har endra seg dei siste tiåra gjennom at det vert konsumert mindre brennevin, samtidig som det har vore ei auke i sal av vin, øl og rusbrus. I Noreg har tradisjonen knytta til alkohol vore prega av at ølbryggjing har hatt eit sterkt rotfeste i kulturen, i motsetnad til sørlege deler av Europa, der vin har hatt ei sterkare rolla. Dette har sett sitt preg på det kulturelle drikkemønsteret, noko som vert kjenneteikna av at eit høgare konsum med tydeleg berusing konsentrert til helgene er vanlegare enn hyppige men mindre mengder alkohol ved sosiale høve.

Narkotika

Fokus på narkotikapolitikken i Noreg starta med ei allianse bestående av justis-, helse og sosialsektoren. Føremålet var å kunna formidla rasjonell kunnskap om temaet, samt gjennom forbod å freista å setja grenser for bruken av narkotiske stoff.

Ei betydeleg auke av tal misbrukarar dei siste tiåra har ført til ein politisk haldningsendring på området. Kort sagt vert utviklinga kjenneteikna ved at det tidlegare idealet som byggjer på ein «narkotikafri» livsstil, no i stor grad har vorte tona ned gjennom tankegong som i større grad dreiar seg om skaderedusering og ein lavare terskel for å tilby hjelp. Dette kjem tydeleg til uttrykk ved å gje dei tyngste misbrukarane legemiddelassistert behandling som metadon, subutex og kanskje i framtida reseptbelagt heroin.

Trenda det siste tiåret vert kjenneteikna av at bruken av heroin har blitt redusert som fylgje av legemiddelassistert behandling. Bruk av stoff som hasj, amfetamin og ecstasy har derimot auka betrakteleg.

I forhold til andre land har Noreg fram til midten av 90-talet vore prega av at det har vore ein mindre del av befolkninga som har problem knytt til stoffmisbruk. Trendera den siste tida har derimot vore prega av ei tydeleg auke av problem som fylgje av narkotikamisbruk. Skulda for dette er i stor grad at tilgjenge har vorte mykje lettare enn tidlegare. Dette vert igjen kobla opp mot globale utviklingstrekk der produksjon og smugling aukar flyten over landegrensene.

I fylgje tall frå Reseptregisteret har antall peronar i LAR-behandling (legemiddelattestert rehabilitering) auka frå 5000 i 2008 til 7500 i 2013. Denne behandlinga vert tilbydd personar som er avhengig av heroin eller andre opioder. Aukinga av pasientar i LAR-tiltak kan vera eit uttrykk for at det er enklare å koma inn i behandling, og at terskelen for utskriving har auka.

2.2 Rusmiddelsituasjonen i Eidfjord

Det vil alltid være utfordrande å gje ei presis skildring av rusmiddelsituasjonen i ein kommune på eit gitt tidspunkt då statistikk på lokalt nivå er uviss. SIRUS (Statens institutt for rusmiddelforskning) har ikkje tal som viser forbruket i den enkelte kommune.

Eidfjord kommune har eit lågt folketal men kan ikkje syne til handfaste tal innan rusrelatert aktivitet. Det kommunale arbeidet omfattar førebygging, kartlegging og utredning for behandling og rehabilitering samt oppfølging av den enkelte i legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Russituasjonen og skjenkepolitikk i nabokommunar så vel som vår eigen vil ha ein påverknad på rusmiddelssituasjonen i kommunen vår. Eidfjord kommunen nyttar ikkje (brukerplan) som er ei kartlegging av mottakarar av kommunale tenester innan rus då brukargruppa av tenesta er låg.

Fokus på å koma tidleg inn og/eller fange opp faresignaler på rusmiddelsituasjon kan auke sjansane for å lukkast betre i dette arbeidet. Eit ledd i dette arbeidet er tverrfagleg samarbeid som faste møter i oppvekstgruppa. Oppvekstgruppa består av medlemmar frå skule, helsestasjon, psykiatri, barnevern, politi, NAV og kultur.

Tidleg intervensjon og tverrfagleg samarbeid vil kunne spare einskildpersonar, familiar og samfunnet for store belastningar seinare. Dei ulike hjelpetenestene i kommune har saman med politiet eit felles ansvar for å avdekka og intervensjon når ein oppdagar rusproblem.

2.3 Ungdata

Våren 2015 gjennomførte Eidfjord kommune ved Lægreid skule ei Ungdata-undersøking. 8. – 10. trinn deltok, det var 27 elevar og ein svarprosent på 93%. Ungdata er eit kvalitetsikra system for gjennomføring av lokale spørjeundersøkingar. NOVA og dei regionale kompetansesentera for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkingane, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa.

I denne undersøkinga kom det fram at ungdommane i Eidfjord generelt hadde det godt og var svært fornøgde både med skule og fritidstilbod. Innan området helse og trivsel kom det fram at jenter scora noko høgare på nedstemthet og einsemd.

Innanom områda tobakk og rus var det ingen som røykte med an 4% brukte snus. 4% fekk lov å drikka alkohol av foreldra sine, og 4 % svarar at dei hadde drukke seg berusa. 7% har vorte tilbydd hasj og 4% har brukt hasj minst ein gong dei siste 12 månadane.

Ungdom som er ferdig på Lægreid skule (16 – 18 år) har ikkje delteke i Ungdata, dette fordi dei har gått vidare til vidaregåande skular i andre kommunar. Oppvekstgruppa har drøfta korleis ein skulle gått fram for å gjennomføre ei slik undersøking då dette kunne vore veldig relevante tal å fått med seg i forhold til førebyggjing og å fange opp negative tendensar i startgropa.

2.4 Statistikk, omsetjingstal og tal på skjenkebevillingar

Omsetjingstal for 2015 fordeler seg slik:

Sal av alkohol gruppe 1 (3 salgstadar)	73 957,75
Skjenking av alkohol gruppe 1 (21 skjenkeløyver)	18 449,68
Skjenking av alkohol gruppe 2 (21 skjenkeløyver)	4 874,04

Nøkkeltal for 2016

Skjenkeløyver «4 års løyver»	23
Skjenkeløyver einskildløyver	18
Skjenkestadar	23
Salstadar	23

Statistikken i forhold til folkehelsa (folkehelseinstituttets folkehelseprofil for Eidfjord) er dessverre mangelfulle og gir ikkje mange tall i forhold til fokuset i denne planen. Når det gjeld psykiske lidningar og psykiske symptom ligg kommunen signifikant betre enn landsgjennomsnittet. Rusmiddelproblem er ikkje representert med tall for Eidfjord i denne oversikta.

2.5 Uttalar

Uttale Oppvekstgruppa v. kulturkoordinator Bergljot Maria Veivåg

Oppvekstgruppa består av medlemmer som har jamnleg kontakt med born og unge i Eidfjord. På våre møter drøftar me kva som rører seg blant dei unge, kva tiltak me har i gang og kva tiltak som eventuelt burde setjast i gang.

Oppvekstgruppa opplever at unge i alderen 13 – 18 år i Eidfjord er svært roleg og me opplever ikkje mykje festing eller annan uønska adferd. Me opplever at ungdom venter med å smake alkohol til dei er nærare 18 år. Oppvekstgruppa ser derimot med bekymra blick på

at me opplever at ungdom held seg vekke frå dei sosiale arenaene på fritida og helst samhandlar med andre via nett.

Me ser at trenden elles i samfunnet og også via opplysingar i Ungdata undersøkinga her i Eidfjord er at ungdom slit psykisk, spesielt unge jenter. Me meiner difor det er viktig å oppretthalde gode tilbod som skaper samhandling og øving i sosial kompetanse.

Ungdom i Eidfjord reiser vekk på vidaregåande skule etter ungdomskulen, dei fleste reiser til Kvam eller Voss. Mange av dei som går på skule på Voss bur heime og pendlar kvar dag, likevel ser me lite til dei i dei organiserte fritidstilboda. Me får difor lite følelse av korleis denne gruppa har det.

Oppvekstgruppa ynskjer at det er 18 års grense der det vert servert alkohol.

Når det gjeld andre rusmidlar enn alkohol har me ikkje inntrykk av at det er mykje narkotikabruk blant ungdom i Eidfjord, men me er klar over at det finnes og er mulig å få tak i innan kommunen.

Uttale frå Hardanger Barnevern v. barnevernskonsulent/nestleiar Terje Solvi

Hardanger barnevern sin kunnskap om rusituasjonen i Eidfjord byggjer på tverrfagleg samarbeid, rusundersøkingar og meldingar til barnevernstenesta.

Opplysingar i tverrfagleg team tyder på at situasjonen når det gjeld rus og ungdom i Eidfjord er oversikteleg og ikkje spesielt bekymringsfull totalt sett. Det er som dei fleste andre stader i landet ungdom som debuterer med alkohol før 18 år. Opplysingar frå rusundersøkingar, Ungdata sit kommunen sjølve på.

Barnevernstenesta har dei siste åra berre fått ein melding (bekymringsmelding) på ungdom under 18 år som har rusa seg på alkohol, ungdommen var under 14 år. I samtale med elevar på Lægreid skule i 2015 kom det fram at ein kunne få kjøpt narkotika i Eidfjord sentrum.

Hardanger lensmannsdistrikt v. lensmann Terje Kvalvik

Registrert kriminalitet Eidfjord 2016, - i alt 97 saker mot 69 året før. Oppgangen skuldast i stor grad fleire saker på felte trafikk, vinning og vald. Av relevans i høve ruspolitikk er det verd å leggje merke til at talet på vald gjekk opp frå 2 til 6. Narkotikalovbrot gjekk frå 4 -5. Det er vidare loggført få ordensoppdrag i kommunen.

Samla sett med grunnlag i melde forhold framstår Eidfjord som ein fredeleg kommune med få problem knytt til kriminalitet og rus. Politiet veit at det vert gjort eit godt førebyggjande arbeid, og at det er mange gode tilbod og tiltak for ungdommen. Eidfjord er eit oversiktleg samfunn med god sosial kontroll, ein stor føremon i høve førebyggjande arbeid.

På generelt grunnlag vil politiet hevde at det er viktig med god kontroll og oppfølging med skjenkestadane og salsstadar for alkohol. Likeeins at det er eit rimeleg godt organisert vakthald ved skjenkestadar og arrangement der det vert servert alkohol.

Elles når det gjeld arrangement, der det vert servert alkohol er politiet av den oppfatning at aldersgrensa bør vera 18 år.

Bærebjelken i det rusførebyggjande arbeidet er god samhandling og samarbeid av alle involverte og på tvers av etatane. Foreldre har ein særleg rolle som førebyggjarar, og må ikkje undervurderast i det førebyggjande rusarbeidet. Dei er og vert viktige i det haldingsskapande arbeidet.

Voss lensmannsdistrikt v. politifyrstebetjent Håvard Skattum:

Det er Hardanger lensmannsdistrikt som per i dag har det politifaglege ansvaret for Eidfjord kommune. Voss lensmannsdistrikt har derfor ikkje inngåande kjennskap til russituasjonen i Eidfjord. Men vi veit at etter all sannsynlighet vil Voss lensmannsdistrikt overta ansvaret for Eidfjord når Politireformen blir iverksatt.

Samtidig veit vi at ein del ungdom går på vidaregåande skule på Voss og at nokon av desse elevane også bur midlertidig på Voss. Derfor vel eg å svare på anmodninga med nokon fakta og refleksjonar frå Ungdomsundersøkinga 2016. Den omhandlar svar frå både ungdomskuleelevar og vidaregåandeelevar

- Undersøkinga viser at den positive trenden med seinare og seinare debutalder på alkohol fortset. For dei ca. 85% som har debutert med å drikke meir enn ein alkoholenhet i 2. klasse på vidaregåande er debutalderen 15,4 år for gutar og 15,9 år for jenter og det er færre som drikk mykje og ofte.
- Veldig få røyker, men bruk av snus aukar
- 7% av 2. klassingane rapporterer at dei har brukt hasj. Dette er lavare enn snittet i Norge (11%)
- Haldningane til å kombinere rus og bilkøyring er gode, men praksisen er dårlegare enn snittet i Norge; 21% av gutane og 13% av jentene rapporterer at dei har sete på med nokon som har drukke
- Ungdommane rapporterer sjølv at det er foreldrene som har aller mest å sei når det gjeld adferd og haldningar. Derfor er det viktig at foreldrene vert støtta til å setja grenser og reglar for sine born. Undersøkinga viser årsakssamanheng mellom foreldrene sine grenser og bruk av alkohol
- Undersøkinga viser også at den mentale helsa, spesielt for jenter, er blitt dårlegare enn før. Blant anna svarer 41% av jentene at «Alt er slit» og 44% rapporterer at dei er «bekymra»

Ungdomsundersøkinga viser at ungdommen er veldig grei, at dei debuterer med rus seinare enn før og at rus er mindre aktuelt enn før, og det er bra. Samtidig trur eg at et avvik frå ungdommen sin vellukketheit og høge prestasjonskrav gir store negative konsekvensar for dei (relativt) få som fell utanfor.

Som ansvarleg for narkotikaetterforskinga på Voss ber eg om at Eidfjord kommune tenkjer over korleis dei skal møte ungdom som slit med rus. Kva gjer kommunen dersom politiet avdekkjer eit miljø blant 17 åringar som jamnleg røyker hasj? I slike samanhengar ynskjer politiet eit samarbeid med kommunen. Ei slik rusoppfylgjing bør innehalda samtalar, urinprøvar og samarbeid med skule/heim/fritidsaktivitetar og liknande. Er Eidfjord kommune klar og villig til å gjennomføra ei slik rusoppfylgjing for sine unge?

Uttale frå NAV v. sosialkonsulent Laila Fenne

Lovverket pålegg kommunen her NAV sosialtenesta ei særskild plikt å fylgje med i utviklinga på ulike sosiale område, også rusbruk i kommunen. Å fylgje med i befolkninga si rusmiddelbruk er viktig både utifrå eit helse og eit sosialt perspektiv.

NAV Eidfjord sosialtenesta kan gje råd og rettleiing til menneske med ulike utfordringar, mellom anna økonomiske problem, rusproblem samt yte hjelp til rusmiddelbrukaren sin familie. Når det gjeld økonomiske problem har NAV eit særlege ansvar for å kjempe mot og førebyggje sosial ulikskap. Barn som veks opp i økonomisk vanskelegstilte familiar kan ha større risiko for å utvikla sosiale problem dersom ein ikkje legg til rette for at barn får den oppfylginga dei har behov for. Eit ledd i denne samanheng kan være å få lagt til rette tilstrekkeleg og tilgjengeleg utsyr, mogleik for sosial deltaking og mogleik for fritidsaktivitet.

NAV sosialtenesta har ansvar for å tilby og setje i verk tiltak i heimkommunen samt i samråd med legetenesta etablere kontakt til spesialisthelsetenesta ved behov. NAV sosialtenesta har ansvar for oppfylgingsarbeid etter opphald på døgnbasert rusbehandling, samt deltaking i tverrfagleg samarbeidsmøter for personar med legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Dersom personar vel å busetje seg andre stader etter døgnbehandling i spesialisthelsetenesta, legg NAV sosialtenesta til rette for ei planlagd overføring til ny bustadkommune. Dette vert gjort gjennom å ha dialog/samarbeidsmøte med ny kommune dersom det er ynskjeleg frå personen sjølv. NAV sosialtenesta har fokus på tett oppfylgging slik at personar med rusproblem har høve til ein ny kvardag. Som ledd i dette kan det også vera svært aktuelt med tverrfagleg tilnærming og oppbygging av tenestetilbodet for brukaren i kommunen.

NAV sosialtenesta er oppteken av å ha eit førebyggjande perspektiv på rusmiddelsituasjonen. Førebyggja, avgrensa og hindra misbruk og skadeverknader av inntak av illegale og skadelege rusmiddel er ei overordna målsetting. Eit ledd i dette er tverrfagleg samarbeid, herunder er NAV sosialtenesta fast deltek i den lokale oppvekstgruppa. Å koma tidleg inn og/eller fange opp faresignalar på rusmiddelsituasjon lokalt i kommunen kan auke sjansane for å lukkast betre i dette arbeidet.

Uttale frå Lægreid skule v. rektor Anne Istad

Førebyggjande arbeid og kunnskap om rusmiddel er del av undervisninga på skulen og det haldningsskapande arbeidet ein driv med. Elevrådet vert trekt inn i det haldningsskapande arbeidet.

Skulen har opplevd få vanskar med rusmiddel dei seinare åra. Verken alkohol, tobakk eller snus er registrert blant elevar i skuletida på fleire år. Vi arrangerer rusfritt vinterball, og har ikkje hatt vanskar med elevar om å overhalde reglane. Vi vil halde fram å ha helsedag kvart 3. år og ha arrangement med ekstern foredragshaldar i samarbeid med Oppvekstgruppa retta mot foreldre og elevar.

Samarbeidet på tvers av einingane er viktig for førebyggjande arbeid, og det å ha kunnskap om ungdomsmiljøet. Me har svært godt samarbeid med ulike einingar og fagfolk som har fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår. Dei er aktivt med i planlegging og gjennomføring av førebyggjande arbeid som vi driv med på skulen.

Uttale frå helseininga v. kommunelækjar Malin Kristine Myklatun

Mitt inntrykk som kommunelækjar er at det er eit begrensa rusmiljø i kommunen. Når det gjeld ungdommar så har det sjeldan kome fram bruk av rusmiddel det siste året. Me forsøker å vera bevisst på dette, særleg dersom ungdommane presenterer psykiske plager. Elles vert me som oftast gjort merksame på rusmiddelbruk gjennom foreldra. Det har vore få til ingen henvendingar grunna dette siste året. Det bemerkast at det no finnes fleire syntetiske narkotiske stoff som ein til dømes kan skaffa seg på internett, i staden for gjennom dei vanlege kanalane. Men me har ikkje hatt tilfelle av dette i Eidfjord, men det er noko me bør vera meir obs på.

Hjå dei vaksne førekjem det noko bruk av cannabis og tablettar, men her har situasjonen vore stabil dei siste åra. Det verkar ikkje til at dette miljøet er i utvikling.

Uttale frå helseininga v. helsesyster Anne Myklatun

Helesyster har ikkje hatt høve til å ha helsestasjon for ungdom på kveldstid. Tilbodet til dei unge er difor i vanleg opningstid på helsestasjonen, som er 08:00-15:30 på tysdag, onsdag og torsdag. Dette har ført til at helsesyster treffer ungdom i vidaregåande skule svært sjeldan.

3. Ruspolitiske mål og strategiar

3.1 Nasjonale mål og strategiar

Dei ruspolitiske måla nasjonalt er beskriver i St. meld.nr. 30 «Se meg» og skildrar blant anna:

- Redusera tilgjenge til alkohol
- Redusera etterspurnaden etter rusmidlar
- Førebyggjing og tidleg innsats
- Samhandling – tenester som arbeidar betre saman
- Auka kompetanse og betre kvalitet
- Hjelp til tunge avhengige
- Innsats for pårørande mot passiv drikking

3.2 Eidfjord kommune sine mål og strategiar

Strategi og mål for kommunen er jamfør samfunnsdelen av kommuneplan for Eidfjord kommune 2015-2027

Mål:

- Leggja til rette for friluftsliv
- Ha fleire tiltak som fremmar fysisk aktivitet
- Ha eit mangfald av aktivitetstilbod til alle aldersgrupper
- Ha naudsynt kompetanse innanfor helse og omsorg
- Ha gode tenestetilbod til mottakarar med komplisert og samansett tenestetrong
- Ha aktive innbyggjarar som har fokus på eiga helse
- Ha gode oppvekstvilkår for born og unge i Eidfjord
- Ha trygge oppvekst og bumiljø

Strategi:

- Sørge for at dei eksisterande offentlege tilboda som fremjar trivsel, fellesskapskjensle og framtidig bulyst, vert oppretthaldne og forsterka
- Ha tett samarbeid med lag og organisasjonar som tek initiativ til aktivitetar knytt til barn og unge
- Leggja til rette for aktiv fritid
- Gjennomføra Ruspolitisk handlingsplan og rullera den fortløpande
- Ha kulturtilbod som gjev auka livskvalitet og stimulerer alle sansar

Ruspolitiske målsettjningar for Eidfjord kommune:

I ruspolitisk handlingsplan 2011-2015 var det ikkje formulert eigne ruspolitiske målsettjningar for Eidfjord kommune, det var referert til staten sine målsettjningar. Oppvekstgruppa har freista å formulere ruspolitiske målsettjningar som Eidfjord kommune kan stå inne for.

- Ha gode førebyggjande tiltak gjennom tiltaksplanen
- Born, unge og vaksne som er berørt av alkohol- og rusmiddelbruk skal få tilbod om hjelp
- Personar som står i fare for å utvikla rusmiddelproblem skal få hjelp på eit tidlegast moglege tidspunkt
- Kommunen skal ha ein ansvarleg alkoholpolitikk
- Arbeida for å heva debutalderen for bruk av alkohol
- Gjennomføra haldningskapande arbeid i forhold til alkohol og narkotika
- Driva med opplysningsarbeid for å bidra til å endra skadelege drikkemønster og auka oppslutninga til alkoholfrie soner (under graviditet, i trafikken, i samvær med born og unge, i arbeidslivet og i organisert fritid)

4. Førebyggjing

« Innbyggjarar som trivst og realiserer det gode liv i Eidfjord vert stolte over staden og kommunen dei kjem frå. Dei bidreg til å skapa livskraftige samfunn og er dei beste ambassadørar for bygda vår. Opplevinga av livskvalitet vert styrkt gjennom å gjera livet forståeleg, meiningsfullt og lett å handtera. Særleg for born og unge er dette viktige moment for å kunna trivast og blomstra i Eidfjord. Det skal ei heil bygd til for å oppdra eit born (Sitat henta frå Nordlandsforskning rap. Nr. 3/2003). Det fortel at me alle er medansvarleg for at born og unge får ein god oppvekst. Eidfjord har mange føresetnader for å leggja til rette for dette. Ein god utbygd barnehage og skule med SFO, varm skulemat og gratis kulturskule er viktige bidrag for å gje ein god oppvekst til den neste generasjonen. Eidfjord ser verdien av å oppretthalda og styrkja dei gode tenestetilboda som i dag gjev gode oppvekstvilkår.» Samfunnsdel kommuneplan for Eidfjord kommune 2015-2027

Førebyggjing er eit sentralt begrep innan rusarbeid. Det kan vera komplisert å vita kva som er førebyggjande og kva som ikkje er førebyggjande tiltak. Det er heller ikkje lett å måla effekten av det førebyggjande arbeidet. Det ein likevel veit er:

- Dess tidlegare førebyggjinga startar, dess betre resultat kan ein forvente
- Førebyggjing må forståast som ein kontinuerlig prosess
- Kunnskap er ikkje nok for dei mest risikoutsette. Førebyggjande tiltak må også innehalde trening av sosiale ferdigheiter
- Førebyggjande tiltak må utformast og tilpassast målgruppa

Hovudfokuset på førebyggjande tiltak i denne planen er i hovudsak retta mot born og unge, deira føresette og andre vaksne rollemodellar. Born og unge er sentrale målgrupper for folkehelsearbeidet, då mykje av grunnlaget for seinare helse og helsevanar vert lagt tidleg i livsløpet. Foreldra har ansvar for at borna får sine omsorgsbehov dekkja. Samfunnet skal i nært samarbeid leggja til rette for å suplera foreldrene sin innsats. Å førebyggja utviklinga av

helseproblem knytta til rusadferd, gjeld ikkje berre barn og unge. Det vil i stor grad også omfatta dei vaksne sin omgang med, haldning til og bruken av alkohol og andre rusmidlar.

Nokre born og unge er særskilt utsette for å utvikla eit rusproblem. Dette gjeld mellom anna born av foreldre som sjølv har eit rusmiddelproblem og /eller psykiske lidningar, og born som har vore utsette for vald og traumatiske opplevingar. Stigmatisering med å peika ut risikogrupper må likevel unngåast, også personar som som ikkje høyrer til risikogrupper kan utvikla rusmiddelproblem. Omgrepet risikogrupper må berre brukast som hjelp til å utarbeida gode førebyggjingsstrategiar. Ein må og hugsa at ingen faktor åleine kan forklara utviklinga av eit rusproblem. Generelt sett er trygge oppvekstvilkår grunnleggande i høve til å førebyggja vanskar seinare i livet. Personar som slit med problem knytt til rus, har og ofte problem knytt til psykisk helse.

Bergensklinikkane har konkludert i si ungdomsundersøking at ein må gje fritidstilbod som er interessante for ungdom generellt, og for dei som fell utanfor "normaltilboda" spesielt. Eidfjord har lenge vore gode på å ha mange tilbod til barn og ungdom, men det er viktig å ikkje lena seg tilbake men stadig vera på hugget etter å utvikla nye tiltak og kvalitetsikra eksisterande. Å ha eit godt fungerande lokalsamfunn er og i seg sjølv førebyggjande i høve rusbruk. Haldningsskapande arbeid, rusfrie arrangement og tverrfagleg samarbeid er og viktig i det førebyggjande arbeid.

4.1 Førebyggjande tiltak – handlingsplan

Aktør	Tiltak/aktivitet	Frekvens
Kommunestyret	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vedtek rusmiddelpolitisk handlingsplan for kvar kommunestyreperiode ✓ Behandlar kommunen sine løyveordningar for sal og skjenking ✓ Vedtek budsjett og økonomiplanar som set rammer for arbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kwart 4. år ✓ Kwart 4. år samt etter søknad ✓ Årleg
Rådmann	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Overordna ansvar for å sikra gode samarbeidsrutinar ✓ Kurs og kompetanseheving for tilsette innan rusførebyggjande arbeid 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig ✓ Kontinuerlig
Oppvekstgruppa	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Jarnlege møter der ein diskuterer situasjonen i kommunen og set i gang tiltak ✓ Førebyggjande møter for føresette, ungdom og føresette i barnehagen (barnevakten, helsedag o.l) i samarbeid med skule og barnehage ✓ Førebyggjande møter om rus for ungdom i samarbeid med politiet ✓ Bidra til felles arrangement 16. mai med nabokommunane 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ 4 møter i året ✓ Årleg ✓ Årleg (vår) ✓ Årleg
Kultur	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Fritidsklubb for ungdom 13 – 18 år ✓ Jentekafe (samarbeid med helse) ✓ Juniorklubb for born 1 – 7 klasse ✓ Ungdomsråd 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Årleg, følgjer skuleruta ✓ Årleg (oktober-april) ✓ Årleg (oktober-april) ✓ Kontinuerlig

	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Babysymjing ✓ Styrketrening for ungdom ✓ Syta for at frivillige organisasjonar har gode rammebetingelsar 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Minimum 2 kurs pr. år ✓ Årleg (oktober-april) ✓ Kontinuerlig
Helse	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Helsestasjon ✓ Skulehelsetenesta ✓ Støttesamtalar v. psykiatrisk sjukepleiar ✓ Trening med fysioterapitenesta 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig ✓ Kontinuerlig ✓ Etter behov ✓ Kontinuerlig
NAV	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Støtte lag/treningskontakter/ressurspersonar ✓ Tilby rehabilitering ✓ Oppfølging etter rehabilitering ✓ Leggja til rette for betre bustadtilhøve, verna arbeidsplass og meir tid til meningsfull fritid ✓ Oppfølging av arbeidsledige med spesielt fokus på unge arbeidsledige 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Etter søknad ✓ Etter søknad ✓ Etter behov ✓ Etter behov
Skule	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Ulike førebyggjande program som t.d «Zippys venner» 1 – 4 kl «Det er mitt val» 5 – 10 kl «Du bestemmer» 5 – 10 kl «Kjetil og Kjartan» «Fri» 8-10 kl ✓ Manifest mot mobbing, saman med ordføraren ✓ Gjennomføre Ungdata undersøking ✓ Delta i trivselsprogram ✓ Rimeleg kulturskule ✓ Gratis offentleg bading for born og vaksne 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig ✓ Årleg ✓ Kwart 3. år ✓ Kontinuerlig ✓ Fylgjer skuleruta ✓ Fylgjer skuleruta
Barnevernstenesta	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Formål: Skal bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig
Politi	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Politiråd saman med formannskap og oppvekstgruppa ✓ Informasjonsarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ 1-2 møter i året
Hardanger og Voss skjenkekontroll	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Fylgje opp og kontrollere sals- og skjenkestadar 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig
Tverrfaglege samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Tverrfagleg gruppe bestående av skule, barnevern, PPT, helse og NAV ved behov ✓ Oppvekstgruppa bestående av skule, helse, kultur, barnevern, politi og nav ✓ Konsultasjonsteam bestående av barnevern, helseteneste, politi, barnevern, familiekontoret og krisesenter Vest ✓ LAR team bestående av helse, nav og Bergensklinikkane ✓ Interkommunal gruppe, underutval barn og unges psykiske helse Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss og Vaksdal 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ 6 møter i året ✓ 4 møter i året ✓ Møter kvar måned
Andre	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Frivillige lag og organisasjonar tilbyr sosiale arenar og meningsfull fritid ✓ Førebyggjande arbeid gjennom kyrkja 	

4.2 Ansvarleggjering av foreldre og besteforeldre som gode rollemodellar

Ungdata samt trender i tida generellt syner at fleire foreldre treng bevisstgjerung om deira rolle som modellar for sine born, og råd/tips om korleis dei kan stå fram som tydelege vaksne. Dette gjeld spesielt i forhold til dei unge sin omgang med alkohol. Samstundes kjem det stadig signal frå media, skular og barnehagar at fleire og fleire foreldre slit med å setja grenser for sine born. Det er også ein aukande trend i samfunnet at ein del besteforeldre drikk for mykje medan dei har omgang med barnebarn. Dette er tema som er naturleg å ta opp i samband med småbornsundersøking på helsestasjonen. Når det kjem til større elevar er det ikkje eit naturleg forum for dette. Oppvekstgruppa kan dra temaet inn i sine førebyggjande møter for føresette.

4.3 Kartleggingar

Det vart gjennomført ei Ungdata undersøking på Lægreid skule våren 2014. Desse tala er allereie no utdaterte og ein bør freista å ha slike undersøkingar jamnleg. Lægreid skule gjennomfører i tillegg elevundersøkingar årleg.

Aldersgruppa 16 – 20 år har kommunen ingen tall på, her burde ein freista å finna ein metode for å kartleggja denne gruppa. Det er mange ungdommar i Eidfjord som bur heime medan dei går på vidaregåande og desse har også krav på oppfylgjing og ei meningsfull fritid.

4.4 Rus og arbeidsliv

Arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta gjev arbeidsgjevarar og arbeidstakarar ei plikt til å arbeida systematisk for å sikra og forbedra helse, miljø og sikkerheit i si tenesta. Arbeidet som dreiar seg om rusmiddelrelaterte problemstillingar er ein del av dette arbeidet. Det er viktig for bedriftene å arbeida systematisk i forhold til rusmiddelkulturen for å kunna førebyggja og begrensa skadene av rusmiddelbruk.

Nesten 90% av den vaksne befolkninga er frå tid til annan brukarar av alkohol. Dei aller fleste er i arbeidslivet. Arbeidsplassane er difor ein svært viktig arena for å skapa gode haldningar til bruk av alkohol. Det er også viktig at arbeidsplassane har gode systemfor å fange opp dei som har fått eit problematisk forhold til alkohol og har behov for bistand for å skapa endring.

5. Gjennomføring og rullering av ruspolitisk handlingsplan



5. 1 Gjennomføring

Eidfjord kommune sin ruspolitiske handlingsplan skal fylgjast opp av samtlige einingar som vert omfatta av handlingsplanen. Oppvekstgruppa har i hovudsak ansvar for ein stor del av det førebyggjande arbeidet i forhold til born og unge og vil årleg gå gjennom planen og syta for at dei tiltak dei har ansvar for vert gjennomført.

Kommune fattar sjølv vedtak i saker om alminnelig skjenkebevillingar medan saker om bevilling for einskildløyver (og ambulerande løyve) er delegert til Rådmann. Skjenkekontrolloppgåvene er sett bort til Voss og Hardanger Skjenkekontroll.

5.2. Økonomi

Dei fleste tiltaka i denne planen kan gjennomførast i innanfor dei økonomiske rammene som er lagt i dag. Dei aktuelle etatane må gjennomføra tiltaka gjennom eiga verksemd/eige budsjett.

Oppvekstgruppa ynskjer at inntekter frå sals- og skjenkeløyver skal setjast av og nyttast til førebyggjande tiltak for barn og unge.

Tilskot til felles arrangement 16. mai bør leggjast inn som eit fast spleiselag mellom NAV/sosial og kultur/ungdomsrådet slik at det er kontinuitet i dette.

5.3 Rullering

Planen skal rullerast innan utgangen av kvar bevillingsperiode (kommunestyreperiode).

Neste rullering vert difor innan 1. juni 2020. Rådmann har ansvar for å peike ut ei ny arbeidsgruppe innan 31. desember 2019.

6. Alkoholpolitikk

Alkohollova regulerer tilgjenge av alkoholhaldig drikk blant anna gjennom bevillingssystemet, ved fastsetting av vilkår for korleis sal og skjenking skal skje, samt kontroll med at vilkåra vert overhaldne. Lova inneheld også reglar som tek sikte på å påverka etterspurnad, som for eksempel forbod mot reklame. Alkohollova er difor eit godt reiskap når kommunen skal arbeida fram ein rusmiddelpolitisk handlingsplan (Helse- og omsorgsdepartementet, 2006)

Alkoholhaldig drikk vert inndelt etter alkoholinnhaldet i drikken:

- Gruppe 1: med over 2,5 og høgaste 4,7 volumprosent alkohol (i hovudsak øl)
- Gruppe 2: med over 4,7 og høgast 22 volumprosent alkohol (i hovudsak vin)
- Gruppe 3: drikk med mellom 22 og 60 volumprosent alkohol (brennevin)

Forskrift for sals-,skjenke- og opningstider samt retningsliner for sals- og skjenkeløyve i Eidfjord kommune.

§1.Retningsliner for salsløyva

Generelt for alle salsløyva:

Skjenke-og salsløyva gjeld for perioden f.o.m. 1.juli 2016- 30.september 2020.

Sal av alkohol gr.1 kan berre skje innanfor denne tidsramma :

Måndag til fredag kl.0800 til 2000

Dagen før Kristi himmelfartsdag kl0800 til 2000

Laurdag og dagen før heilagdag kl 0800 til 1800

Sal- og utlevering av alkohol gr.1 skal ikkje skje på :

-søndagar og heilagdag
-1.mai og 17.mai

Sal av alkohol gruppe 1 og 2 er tillate på røystedagen for stortingsval,fylkestingsval,kommunestyreval og folkerøysting.

For alle salsløyva gjeld :

For løyva skal det betalast ei årleg avgift for sal/skjenking av alkoholhaldig drikk med heimel i «Alkoholova» §7-1.
-Løyvehavar pliktar til ei kvar tid å kjenna til dei reglar som gjeld for løyvet å gje attendemelding til løyvemynde / kommunen om endringar i driftskonsept / sentrale personar/eigarforhold m.v.Jfr.§1-10 i «Alkoholova»
-Løyvet kan inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje gjeld.
-Vidare kan løyvet inndragast om løyvehavar og personar ikkje stettar vandelskrava.Jfr her §1-7b og c,ikkje følgjer krav etter brannlov,pålegg frå Mattilsynet / Arbeidstilsynet,ikkje svarar skatt og avgifter eller bryt andre relevante lover.

§2. Opningstider for serveringsverksemdar i Eidfjord kommune
Maksimal opningstid vert sett f.o.m. kl.0600 til 0300.

§3.Retningslinjer for skjenkeløyva:

-Skjenkinga kan skje til desse tider :

a.Skjenking for alkoholgruppe 1 og 2 mellom kl.0800-0200 alle dagar.
b.Skjenketid for alkoholgr.3 er mellom kl.1300 og 0200 alle dagar.
c.Skjenking er tillate på røystedagen for stortingsval,fylkestingsval,kommunestyreval og folkerøysting.
d.Skjenketidene gjeld ikkje for overnattingsgjestar (Lovfesta).
e.I tillegg til skjenketida har gjestane ein ½ time til å drikk ut utskjenkt alkoholhaldig drikk som er skjenkt ut før utløpet av vedteken skjenketid.

For alle skjenkeløyva gjeld :

-for løyva skal det betalast ei årleg avgift for sal / skjenking av alkoholhaldig drikk med heimel i i «Alkoholova» §7-1.
-løyvehavar pliktar til ei kvar tid å kjenna dei reglar som gjeld for løyvet og gje medding til løyvemynde om endringar i driftskonsept / sentrale personar / eigartilhøve m.v.Jfr. §1-10.
-løyvet kan inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje gjeld.
-vidare kan løyvet inndragast om løyvehavar og personar ikkje stettar vandelskrava.Jfr.§1-7b og § 1-7c,ikkje følgjer krav etter brannlov,pålegg frå Matmiddelsyn / Arbeidstilsyn,ikkje svarar skatt og avgifter eller bryt andre relevante lover.

Generelt for alle skjenkeløyva :

§4.Desse får ikkje skjenkeløyve
a.Stader eller arrangement som er særskilt retta mot born og ungdom
b.Stader eller arrangement som er særskilt retta inn mot motortrafikantar
c.Kantiner / kafear / restaurantar i tilknytning til bensinstasjonar og trafikkstasjonar

§5.Løyve for tilverknad av alkohol gr.1 og 2.

Ved lovendring i 2003 kan skjenkeløyve no utvidast til å omfatte tilverknad av øl og vin eller innførsel av dei typar alkohol som løyvet gjeld for,for skjenking i eiga verksemd.
Søknad om slik tilverknad vert å handsama som einskildsak i samsvar med reglar i «Alkoholova» og gjeldande delegasjonsreglement.

§6.Slutta selskap

Omgrepet «slutta selskap» er sentralt i vurderinga ved tildeling av ambulerande løyve og ved løyvefri skjenking.Eidfjord kommune legg rundskriv I-6/98 til grunn for forståing av omgrepet.Konkret inneber dette at eit slutta selskap må vera tufta på personleg invitasjon frå den /dei som inviterar til selskapet,og at det er klårt før skjenkinga tek til kven som har takka ja.Ingen andre skal ha tilgang til selskapet.Skjenkinga må vera vederlagsfri.Dette inneber at utgifter til alkohol ikkje kan vera innbakt i t.d. inngangspengar.

§ 7. Ambulerande skjenkeløyve

Det er oppretta eit ambulerande skjenkeløyve som kan tildelast etter søknad i samsvar med «Alkoholova» § 4-5. Slikt løyve kan berre tildelast i eit einskild høve ved skjenking til deltakarar i slutta lag. Når vilkåret «slutta lag» er oppfylt, inneber slikt løyve ei forenkla sakhandsaming.

Skjenketid for ambulerande løyve vert sett til inntil kl 0200. I tillegg kjem ½ time fortæringstid.

Det vert krevd avgift for slikt løyve i samsvar med gjeldande avgiftssatsar

§ 8. Løyve i einskildhøve

Etter «Alkoholova» § 1-6, 3. dje ledd kan det gjevast løyve til skjenking av alkohol for eit einskild, bestemt høve. Slike løyve kan gjevast der vilkåret til slutta lag ikkje er oppfylt. Slikt løyve føreset ikkje vederlagsfri skjenking, og avgifta er gradert. Døme på slikt løyve er opne arrangement i festlokale og grendahus.

§ 9. Gebyr for ambulerande løyve og einskildløyve

Forskrift av 11. desember 1997 nr. 1292 om omsetjing av alkoholhaldig drikk m.v. vart endra frå 21. juni 2005. Den endringa som er relevant i denne samanheng, er endringa av gebyrsatsane som skjenkeløyve for einskildhøve i forskrifta sitt kapittel 6.

I «Alkoholova» § 6-2 heiter det at det skal betalast gebyr for sal- og skjenking etter årlege satsar pr. vareliter alkohol. Desse satsane vert endra kvart einaste år.

Dette tyder at løyve for eit einskilt høve avgiftsmessig er likestilt med eit alminneleg løyve.

Forskrifta seir m.a. at kommunen kan krevja kr 3500.- for kvart einskildløyve.

Når det gjeld avgift for ambulerande løyve er det ikkje nokon endring frå tidlegare år.

Det gjev likevel ei opning for å setja gebyret lågare ved at ein i særlege høve kan setja ned gebyret ved t.d. å skilja mellom store og små arrangement.

Ved fastsetjing av avgifter for einskildløyve vert følgjande retningsliner lagt til grunn i Eidfjord kommune :

-skjenking ved «einskildhøve»	kr. 500.-
-arrangement med inntil 100 deltakarar	kr. 1000.-
-arrangement med inntil 250 deltakarar	kr. 2000.-
-arrangement med over 250 deltakarar	kr. 3500.-

10. Delegasjon**Rådmannen får etter lova §§ 1-6 og §§ 4-4 slikt avgjerdsmynde :**

a. Tildeling av ambulerande løyve

b. Skjenking ved «einskildhøve»

c. Handsaming av søknader om utvida opnings- og skjenketid

d. Utviding av skjenkeområde for einskildhøve / Jfr. «Alkoholova» § 4-2

Godkjenning av styrar og stedfortredar

Godkjenning av mellombels løyve i inntil 3 månader vert avgjort i formannskapet.

Kontroll med sals- og skjenkeløyve**Skjenkekontroll**

1. Oppgåvene ovafor vert ivaretekne av den interkommunale skjenkekontrollen i Kvam.

Kommunen er ansvarleg for å gjennomføra kunnskapsprøvar for styrar og stedfortredar og nestansvarlege i verksemder som har eller søkjer om kommunalt sals- og skjenkeløyve / Jfr. «Alkoholova» § 1-7c.

Kommunen kan og halde slike kunnskapsprøvar for kandidatar som ikkje er knytte til verksemder med løyve. Sosial- og Helsedepartementet har fastsett forskrift om dokumentasjon om kva kunnskap som vert krevd.

2. Reaksjonsreglement ved brot på «Alkoholova»

Her er no innført eit nytt reaksjonsreglement d.v.s. eit «prikkelastningssystem»

ved brot på «Alkoholova». Her heiter det m.a. i forskrift § 10-5 : »Der det forligger grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om tildeling av prikker. Jfr. Forvaltningsloven § 16. Kommunestyret fatter enkeltvedtak om tildeling av prikker».

6.1 Tildeling av sals- og skjenkeløyve

Kommunen kan i hovudsak tildela to typar løyve

- Salsløyve
- Skjenkeløyve

Alkoholova § 1-7 og 1 – 7a gjev retningsliner for sakshandsaming ved søknad om løyve.

- Lokalet skal vera godkjend i samsvar med plan- og bygningslov, av brannmynde og mattilsynet
- Det skal føreliggja serveringsløyve
- Det er vandelskrav for personar i bedrifta; eigar, styrar og stadfortredar skal godkjennast. Det skal innhentast uttale frå politi, sosialtenesta og skatte/avgiftsmynde

Det er gjort endringar i Alkoholova §1-6. Nytt av lova er at kommunal bevilling til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 kan verta gitt for 4 år av gongen, med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Det er mogeleg å gje løyve for ein viss del av året eller for eit visst høve.

Kommune kan stilla vilkår til eit løyve. Kommunen står likevel ikkje heilt fritt, då vilkåra må ha sakleg samanheng med løyvet, t.d. skal det fremja føremålet med alkoholova, letta kontrollen eller forhindra skadeverknadane. Vilkåret må ikkje vera urimeleg tyngjande eller urimeleg av andre grunnar. Di klarare vilkåret fremjar føremålet med lova, di tyngre vilkår kan ein akseptera (Helse- og omsorgsdepartementet, 2006).

Ut over dette er det stort rom for å bruka skjønn når kommunen skal gje løyve. Generellt kan ein sei at alle omsyn som fremjar føremålet med alkoholova er relevante.

6.2 Salsløyve

Kommunestyret avgjer:

- om det skal vera alkoholhaldig drikk i kommunen
- om salet skal skje ved eigne utsalstadar (monopol) eller i daglegvarebutikk
- om salet skal skje over disk eller som sjølvbetjeningssal

For alle løyve skal det betalast ei årleg avgift for sal av alkoholhaldig drikk, denne avgifta var i 2016 kr. 1540,- i tillegg kan det krevjast eit ettergebyr i forhold til omsetjingsmengde

I Eidfjord har daglegvarebutikkane salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, pr. 01.01.2017 er det 3 utsalstadar. I fylgje alkoholova er det ikkje lov å selja alkohol frå kiosk eller bensinstasjon.

Alkoholova inneheld føresegn om normal- og maksimaltid for sal og skjenking av alkohol. Men kommune kan sjølv avgjerda sals- og skjenketidene innanfor makstida. Ein kan ha kortare eller lengre opningstid enn normalt. Sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal skje som sjølvbetjeningssal i daglegvareforetningar og enkelte spesialforetningar.

Sal av gruppe 1 skal vera i samsvar med maksimaltid i alkohollova:

- måndag til fredag frå kl. 08:00-20:00
- kl. 08:00 – 18:00 på dagar før sundag og helligdagar, unnateke Kristi Himmelfartsdag

Sal og utlevering av alkoholgruppe 1 skal ikkje skje på:

- sundagar og helligdagar
- 1. mai og 17. mai

Det er opna for at verksemder som produserer alkohol med styrke under 4,7 volumprosent, for skjenking (konsum på staden) i eiga verksemd, kan få lov å ha eige utsal for sal (til å ta med seg heim). Slike varer kan ikkje seljast andre stadar, ynskjer ein det, må ein verta bryggeri eller produsent av alkohol med statleg løyve.

6.3 Skjenkeløyve

Kommunestyret avgjer:

- om det skal vera skjenking av alkoholhaldig drikk i kommunen
- om talet på skjenkestadar skal avgrensast
- om skjenkeløyve skal avgrensast til spesielle driftskonsept
- kor lang skjenketida skal vera

Pris på skjenkeløyve er i 2016 kr. 4.800,- (gjeld serveringstadar og andre som søker om 4-års løyve)

Skjenkeløyvet kan omfatte alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3. Løyvet kan gjelda generellt eller berre for visse tider av året, eller som einskipløve. Det kan også gjevast ambulerande skjenkeløyve (eige punkt 5.2)

Maksimal skjenketid er i «Forskrift for sals-, skjenke og opningstider samt retningsliner for sals- og skjenkeløyve i Eidfjord kommune» sett til 06:00 – 03:00

Kommunestyret har vedteke skjenketider i KST-sak 16/038

Sundagar og bevegelige heilagdagar

Alkoholgr. 1 og 2	08:00 – 02:00
Alkoholgr. 3	13:00 – 02:00

Skjenketider for uteområde

Alkoholgr. 1 og 2	08:00 – 02:00
Alkoholgruppe 3	13:00 – 02:00

Måndag til og med torsdag

Alkoholgr. 1 og 2	08:00 – 02:00
Alkoholgr. 3	13:00 – 02:00

Fredag og laurdag

Alkoholgr. 1 og 2	08:00 – 02:00
Alkoholgr. 3	13:00 – 02:00

Skjenketid for uteområde

Alkoholgr. 1 og 2

08:00 – 02:00

Alkoholgr. 3

13:00 – 02:00

På kvardagar før bevegelige helligdagar vert skjenke- og opningstida som fredag/laurdag. I tillegg til skjenketida har gjestane ½ time til å drikk ut utskjenkt alkoholhaldig drikk som er skjenkt ut før utløpet av vedteken skjenketid.

6.4 Produksjonsløyve for øl, vin og sider

Hovudelement for ordninga:

- Kommunane kan etter ei skjønsmessig vurdering få utvida skjenkeløyve til å omfatta tilverknad av øl og vin til skjenking i eiga verksemd
- Det er eit vilkår at tilverknaden framstår som ein del av serveringsstaden sitt heilskapelege tilbod og karakter. Elles vert det ikkje stilt ytterlegare krav for å inneha eit slikt utvida løyve enn det som gjeld for skjenkeløyvet
- Ordninga representerer eit avgrensa unntak frå alkoholova sitt kapittel 6, som bestemmer at all tilverknad av alkohol, med unntak av tilverknad av øl og vin til eige bruk, krev statleg tilverkarløyve

Ordninga opnar for at verksemdar som alt har skjenkeløyve kan få utvida løyve til å gjelda produksjon av øl og vin til skjenking i eiga verksemd. Vin er då fruktbasert drikk med alkoholstyrke under 22 volumprosent (sider produsert på eple, pære og ev. sukker kjem under dette).

Produksjonsløyve for tilverknad av alkohol i gruppe 1 og 2 som skal skjenkast i eigen verksemd skal tildelast etter retningsliner trekt opp av Sosialdepartementet. I tildelinga vert det lagt vekt på tradisjon, kultur og lokal produksjon. Produksjonsprosess og

I forskrift 8. juni 2005 nr. 538 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. gjøres følgende endringer:

§ 10-1 skal lyde:

Bestemmelsene om prikktildeling og inndragning i § 10-2 til § 10-6 gjelder der kontroll gjennomført i henhold til kapittel 9 i denne forskriften eller rapport fra andre myndigheter, avdekker at innehaver av kommunal salgs- eller skjenkebevilling ikke har oppfylt sine plikter etter alkoholoven, bestemmelser gitt i medhold av alkoholoven, bestemmelser i lov eller i medhold av lov som har sammenheng med alkoholovens formål, eller plikter som følger av vilkår i bevillingsvedtaket.

Ny § 10-2 til § 10-6 skal lyde:

§ 10-2. Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.

Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret innrda bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.

Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn.

Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholoven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholoven § 1-10 første ledd.

§ 10-3. Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:

- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholoven § 1-5 annet ledd
- brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften
- brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholoven § 3-9 og § 4-7
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholoven § 1-9.

utstyr må tilfredstilla krav til hygiene og krav i næringsmiddelova, det er produsent som har dette ansvaret. Kommunen er løyvemynde for slike saker. Eventuelle søknadar om tilverkarløyve for produksjon av øl og vin er staten sitt ansvar. Om ein har tilverkarløyve. Kan ein og få lov til å importera alkoholvarer. Verksemdar som vil selja alkohol andre stadar enn i eige lokale, må ha statleg tilverkarløyve.

6.5 Ambulerande, einskild løyve og «slutta lag»

Etter alkoholova kan det gjevast løyve til ulike bestemte høve. Definisjon av desse og grunnlag er beskrive i «Forskrift for sals-, skjenke- og opningstider samt retningsliner for sals- og skjenkeløyve i Eidfjord kommune».

6.6 Kontroll og reaksjonar

Eidfjord kommune er tilknytt de interkommunale skjenkekontrollen i Kvam og det er dei som ivaretek oppgåvene med kontroll av sals- og skjenkeløyve.

Gjennomføring av kunnskapsprøvar er beskrive i «Forskrift for sals-, skjenke- og opningstider samt retningsliner for sals- og skjenkeløyve i Eidfjord kommune».

Det er kome nye reglar pr. 1. januar 2016 på inndraging av sals- og skjenkebevillingar jfr. «Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften)» kap. 10 (tekstboks s. 22-24). Det er innført eit prikkessystem der kommunen ved lovbrøt etter kontroll gjennomført i samsvar med forskrifter skal tildele bevillingshavar eit bestemt tal prikkar. Ved berekning av perioden på to år skal fylgjande lovbrøt verta lagt til grunn.

Tildeling av fire prikker:

- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften
- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholoven § 3-4a, § 3-7 og § 4-4
- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholoven § 1-5 første ledd
- brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholoven § 1-5 tredje ledd.

Tildeling av to prikker:

- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften
- mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholoven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften
- manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholoven § 1-7c
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholoven § 1-8 annet ledd
- gjentatt diskriminering, jf. alkoholoven § 1-8 annet ledd.

Tildeling av én prikk:

- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften
- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften
- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften
- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften
- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholoven § 3-2 og § 4-3
- brudd på reklameforbudet, jf. alkoholoven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften
- andre overtredelser som omfattes av alkoholoven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholoven § 3-1 femte ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

§ 10-4. Dersom det foreligger helt spesielle og svært formildende omstendigheter, kan kommunen tildele færre prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3.

Dersom det foreligger svært skjerpene omstendigheter, kan kommunen tildele flere prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3. Kommunestyret kan ved svært skjerpene omstendigheter også øke lengden på inndragningen utover det som følger av § 10-2, i de alvorligste tilfellene for resten av bevillingsperioden.

§ 10-5. Der det foreligger grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om tildeling av prikker, jf. forvaltningsloven § 16.

Kommunestyret fatter enkeltvedtak om tildeling av prikker. Bevillingshaver skal i forbindelse med vedtaket orienteres om mulige konsekvenser ved ytterligere prikktildelinger.

Vedtaket etter annet ledd kan påklages etter forvaltningslovens regler. Der klageretten ikke benyttes, kan tildelingen av prikker likevel påklages i forbindelse med klage på senere vedtak om inndragning hvor tildelingen av prikker inngår som grunnlag.

§ 10-6. Dersom tildeling av prikker danner grunnlag for inndragning, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om inndragning av bevillingen, jf. forvaltningsloven § 16.

Kommunestyret fatter enkeltvedtak om inndragning av bevilling på grunnlag av tildeling av prikker.

Kommunen bør iverksette vedtak om inndragning innen fire uker etter vedtakelsesdato.

§ 10-7. En bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av det siste året.

Bevillingen kan likevel ikke inndras dersom årsaken til manglende bruk av bevillingen er en hindring utenfor bevillingshavers kontroll og som han ikke med rimelighet kunne unngå eller overvinne følgene av. Dette gjelder bare i den utstrekning det kan antas at driften kan gjenopptas innen rimelig tid.

0 Endret ved forskrift 26 okt 2015 nr. 1225 (i kraft 1 jan 2016, tidligere § 10-1).

7. Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelbrukarar

Mål for oppfølging og rehabilitering av rusmisbrukarar.

- Betra evna til meistring og gje rusmisbrukarar håp om eit betre liv, for å hjelpa dei til å leva i ein rusfri kvardag.
- Arbeida for å redusere helseplager blant brukarane og motverka marginalisering, slik at rusmiddelmissbrukara kan få betre liv og helse.

Kommunen har ansvar for å hjelpa den enkelte til å koma bort frå misbruk av alkohol og rusmidlar. Den har ansvar for å gje råd, rettleiing og hjelp til vedkommande sin familie. Dette fyl av lov om kommunale helse og omsorgsteneste. Tenestenivå bør leggja vekt på samarbeid for å sikra heilskapleg og koordinert tenester. Kommunen må ha eit tverrfagleg fokus på dette arbeidet. Herunder tenester frå helse med lege, psykiatrisk sjukepleier og NAV sosialtenesta. I nokre tilfeller kan og pleie og omsorgstjenesta være involvert i dette arbeidet dersom det er behov for heimebaserte tenester eller dagleg medisinsk oppfølging. Tilboda kan omfatta mellom anna råd og rettleiing, bu oppfølging, individuell plan (IP), deltaking i aktivitetstilbod og oppfølging av brukarar som har vedtak om legemiddelassistert rehabilitering. (LAR) Behovet som ligg på den enkelte er lagt til grunn for tenesta.

7.1 Behandlingstilbod

Tradisjonell behandling av rusmiddelavhengige er basert på behandling ved institusjonar utanfor kommunen sine grenser. Det er naturleg og nødvendig at slike tilbod vert nytta og

ansvaret for institusjonsbehandlninga er lagt til dei regionale helseføretaka. Basert på prinsippet om at tilboda skal være brukartilpassa og fleksible for å nå så mange som mogleg, er det viktig å sjå institusjonsbehandling i tett samanheng med det tilbodet som blir gitt i kommune.

I Eidfjord kommune er det kommunale arbeidet omfatta av den enkelte brukar sitt behov for tenester og det kommunale arbeidet omfattar førebygging, kartlegging og utredning, oppfølging og skadereduksjon.

Kommunane er frå 01.01.17 pålagt å ha eit ØH- tilbod innan rus og psykiatri. Eidfjord kommune ser ikkje at kommunen kan klare det åleine og er i dialog med Voss kommune om eit samarbeid slik som dei har knytt til somatiske ØH- sengeplassar.

7.2 Tiltak – bustad

Ein god stad å bu er viktig i arbeidet med oppfølging og rehabilitering av rusmiddelbrukarar.

Kommunen har eit lovpålagt ansvar knytt til bustad. Dette fyl av lov om sosiale tenester i NAV § 15 boliger til vanskeligstilte: *«kommunen i arbeids og velferdsforvaltningen skal medvirke til å skaffe boliger til vanskeligstilte personer som selv ikke kan ivareta sine interesser på boligmarkedet.»*

Mange av dei som har utfordringar i høve rus treng hjelp til å skaffa og behalda bustad. Det er og viktig å hjelpa familiar med unge med rusvanar som bør over i eigen bustad for å redusera belastninga på familien. Fokus på å hjelpa personar i målgruppa med å skaffa bustad, å koma over i varig bustad og arbeid for å hindra utkastning er sentralt i dette arbeidet. Tverrfagleg arbeid bør liggja til grunn for buoppfølging.

Eidfjord kommune har med dagens situasjon god kapasitet på kommunale bustader.

7.3 Regionale kompetansesenter for rusmiddelspørsmål

KoRus har ei sentral rolle i å gjennomføra nasjonal ruspolitikk. Alle KoRus sine kjerneoppgåver gjeld: Rusmiddelførebygging og folkehelsearbeid (der ansvarleg alkoholhandtering er ei sentral oppgåve), tidleg intervensjon og rusbehandling.

KoRus Bergen – Stiftelsen Bergensklinikken www.korusbergen.no

Andre aktuelle lenkjer:

www.vinmonopolet.no

www.fhi.no

<https://www.fhi.no/om/om-fhi/organisasjon/rusmiddeltiltak/>

<http://juvente.no/tema/artikkel/misforstaelser-og-fakta-om-ungdom-og-rus>

www.voksneforbarn.no

8. Vedtak

- 1) Ruspolitisk handlingsplan for Eidfjord kommune 2017 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre. Alle einingar som er omfatta av denne planen pliktar å gjennomføra dei tiltak som er oppførde.
- 2) Inntekter frå sals- og skjenkeløyver skal setjast av til førebyggjande tiltak for barn og unge
- 3) Tilskot til felles rusfri 16. mai for ungdom skal finansierast slik:
 - Nav/sosial kr. 8000,-
 - Kultur kr. 7000,-
- 4) Planen skal rullerast innan utgangen av kvar bevillingsperiode (kommunestyreperiode). Neste rullering vert innan 1. juni 2020. Rådmann har ansvar for å peika ut ei arbeidsgruppe innan 31. desember 2019.